



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 18.02.2016  
**Møtetid:** 15:00 - 18:15  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert 1 varamedlem.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Gunnar Bruvik (Frp)

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Rådmann Ramsli og Ass. rådmann Våge under heile møtet. Teknisk driftssjef under sak 1-3/16

<b>Møteleiar:</b>	Varaordførar Øyvind Røen (Sp)
<b>Møtesekretær:</b>	Ass. rådmann Hilde-Lill Våge

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	Budsjett 2016 for barnehagar og konsekvensar av det. Forsøksprosjekt om omsorgstenestene Vedtekter for SFO Personalsak
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	<b>Gunnar Bruvik (Frp)</b> stilte spørsmål om møte i eldrerådet. Rådmannen orienterte om at ordføraren vil kome tilbake til møtefrekvens og sakene som rådet bør handsame. <b>Odd Arne Haga (Frp)</b> hadde på førehand sendt inn to spørsmål. Det eine gjekk på bemanningsnorm i barnehagane og omfanget av einskildvedtak knytt til spesialpedagogiske tiltak i barnehagen og kven som fatta dei. Det andre gjekk på forsøksordninga innan omsorgsektoren og om kommunen tapte på å delta. kva kommunen tapte på det. Spørsmåla er svara på under meldingar
<b>Dokument ettersendt:</b>	Saksutgreiing to ekstra saker Notat om økonomi i barnehagen

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 29.03.2016

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/16	16/200	Faste saker	
002/16	15/9	Uttale til framlegg til nytt inntektssystem i kommunane	
003/16	15/864	Høyring - Nedklassifisering av kommunale vegar til privat veg	
004/16	14/256	Etablering av veg- og områdenamn - innkomne høyringsfråsegn	
005/16	11/654	Skuleruta 2016-2017 Samnanger	
006/16	15/955	Tilkopling - kommunalt vassverk Antons kulturhistoriske senter	
007/16	16/156	Tilskot frå næringsfondet 2016 - Hjulustrustning AS	U Ikkje offentleg
008/16	16/181	Tilleggsløyving 2016 - utstyr i førstehjelpsbil	
009/16	16/163	Vurdering av prøveprosjekt med utval for ordførar, varaordførar og gruppeleiarane i kommunestyret	
010/16	15/548	Plan for beredskapsarbeidet i Samnanger kommune	
011/16	10/518	Økonomisk sosialhjelp endring i regelverket	
012/16	16/212	Industriområdet Øvre Rolvsvåg - fastsetting av pris og vilkår for sal av tomt	U Ikkje offentleg

**SAKNR. 001/16**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Utvalet slutta seg til at Odd Arne Haga (Frp) vart settevaraordførar under møtet.

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med tilleggssakene 11-12/16.

Sak 11/16 vert handsama etter sak 12/16 og sak 9/16 vert handsama til slutt, etter sak 11/16.

**O. Øystese (Ap)** viste til den store saksmengda til dette møtet og ønska meir tid til å lesa sakene. Ho stilte spørsmål ved om større einskildsaker kunne sendast ut før ordinær innkalling. Rådmannen orienterte om korleis administrasjonen arbeidde med sakene, og i den grad større saker var ferdige før innkallinga ville administrasjonen kunne imøtekoma ønske.

**Delegerte vedtak/referatsaker** vert tekne til orientering.

- Notat om budsjettet for 2016 for barnehagane inkl. oversikt over bemanning og barnetal var sendt ut på førehand. Notatet viser at det er føreteke reduksjonar i stillingar først og fremst i Dråpeslottet barnehage. Sjølv etter denne reduksjonen ligg bemanninga i dei kommunale barnehagane i Samnanger over norm som er sett.

**Odd Arne Haga** (Frp) kommenterte at han forstår det då slik at dei kommunale barnehagane har 5 tilsette meir enn norma.

Delar av spørsmåla frå Odd Arne Haga er svara på i dette notatet.

- Haga har og ein del spørsmål om vedtak om spesialpedagogisk hjelp – omfang og prosedyre.

Det er totalt fem barn i dei tre barnehagane i SK som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Til saman utgjer dette 21 veketimar med spesialpedagogisk hjelp og 160% assistentressurs. I sakkunnig vurdering vert det ofte presisert at tilbodet kan gjevast i lag med andre barn, i større eller mindre grupper. Dette er både fagleg og sosialt grunngeve. Vedtaka vert gjort på bakgrunn av pedagogisk rapport, sakkunnig vurdering frå PPT, og søknad frå foreldre (sjå OPL §5-3).

Ansvarsgruppemøta for desse barna vurderer behov og tilrettelegging kontinuerleg. Årsrapport, med evaluering, blir skriven årleg av spesialpedagog og send føresette og kommunenivå. Pr no ligg dette mynde på rådmannsnivå både for barn i kommunale og private barnehagar, i kommunen og utanfor kommunen. I løpet av våren 2016 vert dette mynde lagt ut til dei kommunale einingane. Dette vil føra til betre samsvar mellom vedtak, budsjett og lokal organisering i barnehagane. Mynde til å gjera vedtak for barn i private barnehagar og barn frå Samnanger i barnehagar i andre kommunar vil framleis liggja på rådmannsnivå.

Spørsmål om innsparing på å privatisera barnehagane

I utrekningane har me lagt til grunn at me berre har private barnehagar. Då skal barnehagane få eit tilskot basert på ein nasjonal sats. Ut frå denne vil innsparinga truleg ligge på vel 2 mill. kroner.

Nasjonale tilskotsatsar for 2016 jf. udir.no

**Satser for driftstilskudd til private ordinære barnehager**

	<b>Kroner per oppholdstime Drift, inkl. adm.</b>	<b>Kroner per heltidsplass Drift, inkl. adm.</b>
Ordinære barnehager, barn 0-2 år	90,80	196 200
Ordinære barnehager, barn 3-6 år	43,80	94 700

I tillegg kjem kapitaltilskot på kr 8 800 pr plass for bygg eldre enn 2007.

- Samnanger kommune har inngått avtale med Helsedirektoratet om deltaking i statleg **forsøksprosjekt om finansiering av omsorgstenestene**. Fleire kommunar har trekt seg frå forsøket pga. økonomi. 18.02.2016 hadde kommunen oppstartmøte, og i løpet av dette møtet med direktoratet vart det klart at Samnanger kommune ikkje har økonomi til å ta del. Grunnen til dette er at det er forbruket i 2015 innan tenestene som vert lagt til grunn for det Samnanger kommune minst må bruka på dette området dei komande 3 åra, og ikkje det som ligg i budsjettet for 2016. M.a. som fylgje av stram økonomi, forventta behov for færre sjukeheimsplassar og effektivisering som fylgje av ny sjukeheim er den økonomiske ramma ca 5 mill. kroner mindre i 2016 enn forbruket i 2015. Dersom Samnanger kommune skal ta del i forsøksordninga, må kommunen umiddelbart finne inndekning i 2016 for dei 5 mill. kroner. Inndekninga må skje på andre område enn omsorgstenestene. Rådmannen ser dette som heilturrealistisk, og ser ikkje anna råd enn at Samnanger kommune må trekke seg av forsøket.

Etter at denne orienteringa var gitt til formannskapet, var medlemmane samde i rådmannen sin konklusjon. Rådmannen sender umiddelbart melding til Helsedirektoratet. Kommunestyret vert gitt orientering om situasjonen i møtet 3.3.2016.

- Møtet vart lukka. Rådmannen orienterte om personalsak i barneskulen.
- Rådmannen fekk aksept for at orientering knytt til permisjonssøknad frå sjukepleiar vart gitt til administrasjonsutvalet.
- Administrasjonen arbeider saman med dei tilsette med å revidera vedtektene for SFO, og etter planen kjem sak om dette til kommunestyre i mai 2016. Eit foreldrepar har sendt skriv til administrasjonen og politkarane om avviking av ferie i barnehage og sfo. Rådmannen vart bedt om å svare på dette, og om mogleg få til ei samordning av feriestenging.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg til vedtak med endring om å ta inn to ekstra saker.

**FORM-001/16 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med tillegg av sakene 11 og 12/16.
- Delegerede vedtak/referatsaker vert tekne til orientering. Rådmannen vart bedt om å melde attende til Helsedirektoratet at Samnanger kommune må trekka seg av forsøksprosjektet om omsorgstenestene.

## **SAKNR. 002/16**

### **UTTALE TIL FRAMLEGG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM I KOMMUNANE**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert førebels lagt fram utan tilråding.

#### **18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta ulike sider av saka. Det vart m.a. reist spørsmål om bortfall av distrikstilskotet.

Rådmannen var bedt om å laga eit utkast til uttale frå kommunen. Formannskapet stilte seg samrøystes bak dette utkastet. Saka går vidare til kommunestyret.

#### **FORM-002/16 VEDTAK:**

**Samnanger kommune** meiner at inntektssystemet for kommunane i hovudsak er eit fornuftig og rettvist system for å fordela inntektene til kommunane. Inntektssystemet skal byggja på tre grunnleggjande prinsipp om full kompensasjon for strukturelle kostnadsulemper, ikkje vera eit refusjonssystem og eller eit insentivsystem. Det er derfor viktig at utforming av nytt inntektssystem vert gjort nøytralt utan direkte tilknytning til kommunereform og debatten om kommunesamanslåing.

Omsynet til det lokale sjølvstyret og lokal forankring av inntekter er eit viktig prinsipp for vidare finansiering av kommunesektoren. Inntektsordningane som tilgodeser kraftkommunar er i hovudsak grunngeve med at kommunar som avstår verdfulle naturressursar til storsamfunnet har eit legitimt krav på ein del av den verdiskapinga som finn stad. Skatte- og avgiftsordningar som i dag vert haldne utanfor inntektsutjamninga, t.d. eigedomsskatt, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft, må også i framtida haldast utanføre.

#### **Kostnadsnøklar**

Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøklane kvart fjerde år fører til store omfordelingar mellom kommunane kvar gong nøklane vert oppdaterte. Kostnadsnøklane bør av den grunn oppdaterast minst annakvart år, og vektinga mellom sektorane bør skje kvart år. For å unngå at nokre effektar vert overvurderte enkelte år og for å redusera svingingar bør det nyttast gjennomsnitt av siste 4 år.

Samnanger kommune synes det er uheldig at kommunar med mindre enn 20 000 innbyggjarar og kommunar frå Hordaland og nordover gjennomgåande kjem dårleg ut av endringane i kostnadsnøklane. Kostnadsnøklane bør vera politisk nøytrale, ikkje vera insentivskapande og byggja på prinsippet om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper.

Delkostnadsnøkkelen for barnehagar bør baserast på den alternative modellen utan bruk av utdanningsnivå som kriterium.

Ein vesentleg del av mottakarane av ressurskrevjande tenester er psykisk utviklingshemma, og enkeltkommunar kan ha sær s høge utgifter knytt til tenestetilbodet til desse personane. I departementet sitt framlegg til delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg er dette kriteriet vekta betydeleg ned. For å oppretthalda prinsippet om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper er det viktig at budsjetta for toppfinansieringa av ressurskrevjande brukarar vert styrka slik at ein unngår å redusera tenestetilbodet.

Samnanger kommune meiner at nøklane ikkje i tilstrekkeleg grad tek høgde for smådriftsulemper. Dette vert ytterlegare problematisk med forslag til endringar i basistilskotet og i småkommunetilskotet.

### **Strukturkriteriet**

Slik strukturkriteriet er omtala, meiner Samnanger kommune at dette vil gi for store omfordelingsverknader mellom ulike kommunar. Utrekningar KS har gjort viser at det er dei største byane som vil tena mest på omlegginga til tross for at det er her me finn dei kortaste reiseavstandane. Inntil departementet finn ein annan metode å operasjonalisera strukturkriteriet på, må dagens basistilskot oppretthaldast.

Det er bykommunar med meir enn 30 000 innbyggjarar og dei aller minste kommunane med lange reiseavstandar som tener på innføringa av dette kriteriet. Samnanger kommune meiner at verknadane - særleg om ein nyttar 25,4 km som kriterium – er så omfattande for så mange kommunar at det vil føra til store konsekvensar for tenestetilbodet til svært mange. Det kan i neste omgang gi uønska og uheldige konsekvensar for framtidig busetjing i landet.

Kommunar med ein sentralisert busetting vert straffa i det nye systemet. Slike kommunar kan få ein låg reiseavstand på strukturkriteriet utan at det seier noko om reiseavstand til nabokommunar. Kommunar blir såleis klassifiserte som frivillig små fordi folk bur tett i eigen kommune. Dersom departementet går vidare med å bruka den føreslegne modellen til å berekna om kommunar er frivillig eller ufrivillig små, må det utviklast eit system som fangar opp reiseavstandar til nærkommunar, ikkje internt i eigen kommune slik det er lagt opp til i forslaget.

Berekningar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes med omlegginga av inntektssystemet skjer det store endringar i sektoren i samband med kommunereforma. I ein periode med to store endringsprosessar samstundes vil det vera vanskeleg å oppretthalda prinsippet om likeverdige tenester for innbyggjarane. Det vil vera uansvarleg av regjeringa å innføra denne modellen samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma. Det bør setjast ned eit utval som i lys av resultatet av kommunereforma utviklar modellen vidare. Utvalet sitt mandat må vera å sikra full kompensasjon for smådriftsulemper til tenester, medan smådriftsulemper på kommunenivå som er frivillige ikkje blir kompensert fullt ut. Ein slik modell kan få verknad frå 1.1.2020.

### **Distriktstilskot**

Samnanger kommune har forståing for at innbyggjartal åleine ikkje skal løysa ut distriktstilskot. Me støttar framlegget om ei forsiktig dreining av politikken frå storleik på kommunen til reelle distriktsutfordringar. I eit slikt system er det viktig med tillit til den statistiske modellen som bereknar dei reelle distriktsutfordringane. Samnanger kommune er ikkje trygg på at utrekningane som er gjort i framlegget fangar opp den reelle situasjonen.

Samnanger vurderer også småkommunetilskot som ei ordning som skal kompensera for smådriftsulemper. Dette er uavhengig av distriktsindeks, og me meiner at dette ikkje er ivareteke i forslaget.

### **Skatteelementa**

Samnanger kommune støttar ikkje framlegget til ny modell for selskapskatt då den byggjer på forklaringsfaktorar for vekst der kommunane berre rår over ein sær liten del.

Dersom det skal gjennomførast endringar i selskapsskatten, må det føreligga betre kunnskap om samanhengen mellom selskapsskatt og kommunane si tilrettelegging for næringsutvikling.

## **SAKNR. 003/16**

### **HØYRING - NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ut frå dei prinsippa som er lagt til grunn vert følgjande vegar nedklassifiserte til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar (*nr i parentes viser til bilde i vedlegget*);

- Raunkleivvegen (1 og 2)
- Teigabrekka –Reistadstølen (5,1017,1019)
- Bygdavegen frå krysset til Heiane fram til Steintveit (6)
- Vågabygda (1023)
- Haukanesvegen 258, 260, 262 (10,11)
- Stikkveg frå Nesjavegen 9 til gangvegen (12)
- Haga – frå fv136 til Tyssevegen 115 (15)
- Frå fv 134 til Nyutletræ (1049)
- Frå 134 - Tysselandsvegen – Tysselandsbrua (19)
- Totlandsvegen (1043)
- Totlandsvegen - Frøland skule (20)
- Frå fv 7 – Jarland og mot Haug/Holmane (21)
- Fjellheimsvegen (1039)
- Indre Tysse (1040)
- Fv 48 –Gaupholm (25a,25b)
- Fv – Gaupholm Kai (25 c,25d)
- Sandvik (26)

Brukarane av dei vegane som vert tilrådd nedlagte skal få uttale seg i saka. Saka vert kunngjort og lagt ut på høyring med 4 vekers frist til å gi uttale.

Vedtak om nedlegging av kommunale vegar vert gjort med heimel i veglova. Det er ikkje klagerett på slike saker i følgje veglova. Nedlegging av kommunale vegar gjeld frå det tidspunkt kommunestyret set som overføringsdato.

#### **11.11.2015 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande utsettingsframlegg:” Saka vert utsett og sendt vidare til ei samferdselsnemnd som utarbeidar saka grundigare”.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande (fellesframlegg: Sp, Bl, FrP, A, H, KrF) utsettingsframlegg: ” NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG. Saka vert utsett til første formannskapsmøte i 2016.

Til då skal administrasjonen utfylla saksutgreiinga på desse punkta:

- Bruken av kriterium må gjerast klarare og meir konsekvent. Dette gjeld t.d. "samfunnsmessig nyttig", "allmenn nytte"
- Det må koma klarare fram kva innsparingar og utgifter kommunen får.
- Det må lagast ein tidsplan for gjennomføringa”



Formannskapet drøfta utsettingsframlegga. Øystese (Ap) trekte sitt framlegg. Det vart røysta over framlegget til Tjønna (Sp), som vart samrøystes vedteke.

#### **FORM-032/15 VEDTAK:**

##### **NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG.**

Saka vert utsett til første formannskapsmøte i 2016.

Til då skal administrasjonen utfylla saksutgreiinga på desse punkta:

- Bruken av kriterium må gjerast klarare og meir konsekvent. Dette gjeld t.d. "samfunnsmessig nyttig", "allmenn nytte"
- Det må koma klarare fram kva innsparingar og utgifter kommunen får.
- Det må lagast ein tidsplan for gjennomføringa.

#### **18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Utvalet ønska at det skulle vera 6 veker høyring. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FORM-003/16 VEDTAK:**

Ut frå dei prinsippa som er lagt til grunn vert følgjande vegar nedklassifiserte til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar (*nr i parentes viser til bilde i vedlegget*);

- Raunkleivvegen (1 og 2)
- Teigabrekka –Reistadstølen (5,1017,1019)
- Bygdavegen frå krysset til Heiane fram til Steintveit (6)
- Vågabygda (1023)
- Haukanesvegen 258, 260, 262 (10,11)
- Stikkveg frå Nesjavegen 9 til gangvegen (12)
- Haga – frå fv136 til Tyssevegen 115 (15)
- Frå fv 134 til Nyutletræ (1049)
- Frå 134 - Tyssevegen – Tyssevegenbrua (19)
- Totlandsvegen (1043)
- Totlandsvegen - Frøland skule (20)
- Frå fv 7 – Jarland og mot Haug/Holmane (21)
- Fjellheimsvegen (1039)
- Indre Tysse (1040)
- Fv 48 –Gaupholm (25a,25b)
- Fv – Gaupholm Kai (25 c,25d)
- Sandvik (26)

Brukarane av dei vegane som vert tilrådd nedlagte skal få uttale seg i saka. Saka vert kunngjort og lagt ut på høyring med 6 vekers frist til å gi uttale.

Vedtak om nedlegging av kommunale vegar vert gjort med heimel i veglova. Det er ikkje klagerett på slike saker i følgje veglova. Nedlegging av kommunale vegar gjeld frå det tidspunkt kommunestyret set som overføringsdato.

#### **SAKNR. 004/16**

##### **ETABLERING AV VEG- OG OMRÅDENAMN - INNKOMNE HØYRINGSFRÅSEGN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt reviderte framlegg sendast til namnekonulenten på Vestlandet.

**18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Utvalet retta skrivemåten på namna til *Langavatnet* og *Skreiddalen*, samt *namnekonulenten* på *Vestlandet*. Framlegget med desse rettingane vart samrøystes vedteke.

**FORM-004/16 VEDTAK:**

Rådmannen sitt reviderte framlegg sendast til namnekonulenten på Vestlandet. Desse namna skal skrivast slik; *Langavatnet* og *Skreiddalen*.

**SAKNR. 005/16****SKULERUTA 2016-2017 SAMNANGER****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Skulerute 2016-2017 for Samnanger kommune vert vedteken slik den ligg føre (versjon 2A-3)

**18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FORM-005/16 VEDTAK:**

Skulerute 2016-2017 for Samnanger kommune vert vedteken slik den ligg føre (versjon 2A-3.)

**SAKNR. 006/16****TILKOPLING - KOMMUNALT VASSVERK ANTONS KULTURHISTORISKE SENTER****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: **Øyvind Røen (Sp)** sette fram følgjande framlegg :” Antons kulturhistoriske senter (gnr./bnr. 39/17) skal betala tilknytingsavgift for vatn til bustad hus. Administrasjonen legg seinast til budsjettmøtet i 2016 fram ei sak om tilknytingsavgift for ikkje- kommersielle forsamlingshus.” Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FORM-006/16 VEDTAK:**

Antons kulturhistoriske senter (gnr./bnr. 39/17) skal betala tilknytingsavgift for vatn til bustad hus.

Administrasjonen legg seinast til budsjettmøtet i 2016 fram ei sak om tilknytingsavgift for ikkje- kommersielle forsamlingshus.

**SAKNR. 007/16****TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET 2016 - HJULUTRUSTNING A.S****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune stiller kr 60.000 av næringsfondet som garanti for husleige for Hjulustrustning AS hjå Tide. Garantien gjeld i perioden 01.05.16 – 31.04.2017.

**18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøytes vedteke.

**FORM-007/16 VEDTAK:**

Samnanger kommune stiller kr 60.000 av næringsfondet som garanti for husleige for Hjulustrustning AS hjå Tide. Garantien gjeld i perioden 01.05.16 – 31.04.2017.

**SAKNR. 008/16****TILLEGGSLØYVING 2016 - UTSTYR I FØRSTEHJELPSBIL****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 15.000 på konto nr 1.2090.3302.2415 til kjøp av utstyr til førstehjelpsbilen. Før innkjøpa vert gjort skal ansvaret mellom Helse Bergen og Samnanger kommune vera avklara.

Det vert elles gjort slike budsjettjusteringar:

Konto nr 1.8000.9000.8400 rammetilskot vert auka opp med kr 15.000

**18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøytes vedteke.

**FORM-008/16 VEDTAK:**

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 15.000 på konto nr 1.2090.3302.2415 til kjøp av utstyr til førstehjelpsbilen. Før innkjøpa vert gjort skal ansvaret mellom Helse Bergen og Samnanger kommune vera avklara.

Det vert elles gjort slike budsjettjusteringar:

Konto nr 1.8000.9000.8400 rammetilskot vert auka opp med kr 15.000.

**SAKNR. 009/16****VURDERING AV PRØVEPROSJEKT MED UTVAL FOR ORDFØRAR, VARAORDFØRAR OG GRUPPELEIARANE I KOMMUNESTYRET****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## **18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Utvalet drøfta saka og eit samrøystes utval slutta seg til å senda saka over til kommunestyret til vurdering.

### **FORM-009/16 VEDTAK:**

Utvalet sender saka over til kommunestyret til vurdering.

## **SAKNR. 010/16**

### **PLAN FOR BEREDSKAPSARBEIDET I SAMNANGER KOMMUNE**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til beredskapsplan for Samnanger kommune, datert 18.02.16. Kommunestyret gjev kriseleiinga fullmakt til å gjera økonomiske disposisjonar, avgrensa til kr. 1.000.000,-, til det formål å bringa krisesituasjonen til opphøyr.

Kommunestyret sluttar seg til plan for krise og omsorgsgruppa, datert 18.02.16. Kommunestyret gjev krise og omsorgsgruppa fullmakt til å nytte inntil kr. 20.000,-, til det føremål å bringe krisesituasjonen til opphøyr.

## **18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **FORM-010/16 VEDTAK:**

Kommunestyret sluttar seg til beredskapsplan for Samnanger kommune, datert 18.02.16. Kommunestyret gjev kriseleiinga fullmakt til å gjera økonomiske disposisjonar, avgrensa til kr. 1.000.000,-, til det formål å bringa krisesituasjonen til opphøyr.

Kommunestyret sluttar seg til plan for krise og omsorgsgruppa, datert 18.02.16. Kommunestyret gjev krise og omsorgsgruppa fullmakt til å nytte inntil kr. 20.000,-, til det føremål å bringe krisesituasjonen til opphøyr.

## **SAKNR. 011/16**

### **ØKONOMISK SOSIALHJELP ENDRING I REGELVERKET**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I Samnanger vert det innført ein sats for økonomisk sosialhjelp som er på 75% av normalsats. Satsen vil gjelde for;

- Personar som ikkje har oppfylt vilkår fastsett i vedtak om økonomisk sosialhjelp etter lov om sosiale tenester i NAV §20
- Personar som frivillig har slutta i arbeid/skule/tiltak og difor har mista rett til statleg ytingar.
- Personar som ventar «høg» inntekt i nær framtid.

Ordninga tek til å gjelde frå kommunestyret har fatta vedtak i saka.

## **18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke

### **FORM-011/16 VEDTAK:**

I Samnanger vert det innført ein sats for økonomisk sosialhjelp som er på 75% av normalsats. Satsen vil gjelde for;

- Personar som ikkje har oppfylt vilkår fastsett i vedtak om økonomisk sosialhjelp etter lov om sosiale tenester i NAV §20
- Personar som frivillig har slutta i arbeid/skule/tiltak og difor har mista rett til statleg ytingar.
- Personar som ventar «høg» inntekt i nær framtid.

Ordninga tek til å gjelde frå kommunestyret har fatta vedtak i saka.

## **SAKNR. 012/16**

### **INDUSTRIOMRÅDET ØVRE ROLVSVÅG - FASTSETTING AV PRIS OG VILKÅR FOR SAL AV TOMT**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Odland Maskin AS får tilbod om å kjøpa næringstomt i Rolvsvåg – merka N7 i reguleringsplanen.

Tilrettelegging av tomte skal vera fullført innan 2 år etter overdraging.

Formannskapet vert bedt om å fastsetta prisen.

## **18.02.2016 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Utvalet drøfta tomteprisen, og slutta seg til ein pris på kr. 85,- pr m2. Framlegget med ein tomtepris på kr. 85,-, pr m2 vart samrøytet vedteke.

### **FORM-012/16 VEDTAK:**

Odland Maskin AS får tilbod om å kjøpa næringstomt i Rolvsvåg – merka N7 i reguleringsplanen.

Tilrettelegging av tomte skal vera fullført innan 2 år etter overdraging.

Formannskapet fastsette prisen til kr. 85,- pr m2.